

Norsk Ordbok 2014

ÅRSRAPPORT 2013

Vedteken av NO204-styret
10.2.2014

Innleiing

Norsk Ordbok 2014 (NO 2014) legg med dette fram årsrapport for 2013. Det overordna målet for NO 2014 har vore å produsera manuskript til *Norsk Ordbok* i tråd med den produksjonsplanen organisasjonen har avtalt med Kulturdepartementet. I 2013 var hovudmåla for NO 2014-organisasjonen å ferdigstillast arbeidet med band 11 av ordboka, samt å produsera 280 sider manuskript til band 12. Alle prioriteringar av delmål gjennom året er gjorde med tanke på å oppnå hovudmåla for prosjektorganisasjonen i perioden.

Band 11 av ordboka dekkjer alfabetbolken frå og med substantivet *stø* til og med adjektivet *tåvrut*. Med den redigeringskapasiteten organisasjonen har hatt til rådvelde i produksjonsperioden, blei manuskriptet til bandet sendt ut av redaksjonen 5. juli 2013. Ved årsslutt hadde redaksjonen vidare førstegongsredigert 322 sider materiale til band 12. 70,3 av desse sidene hadde i løpet av året gått gjennom alle kvalitetssikringsinstansane i redaksjonen og fått status ”Til korrektur”.

19. september 2013 lanserte NO 2014 band 11 i eit eige lanseringsarrangement i Trondheim Katedralskoles gamle festsal. NO 2014 vil særleg takka Det Kongelige Norske Videnskabers Selskap som let oss få disponera desse lokala og la tilhøva til rette for eit fint arrangement.

Band 11 skil seg i utsjånad frå dei tidlegare banda, både i format og i ryggfarge. Redaksjonen har fått ein del reaksjonar frå tingarar på dette, og desse meldingane er sende vidare til Samlaget.

Redaksjonen har i 2013 hatt eit høgt produksjonspress. Det har ført med seg at organisasjonen også i år har måtta prioritera ned nokre av dei deloppgåvene som var sette opp i årsplanen for 2013. Av dei underordna målsettingane har me likevel gjennomført dei organisasjonen har vurdert til å støtta mest konkret opp om produksjon og framdrift. I tillegg er det lagt vekt på å arbeida med tiltak som peikar framover mot prosjekt etter 2014.

Svært krevjande for redaksjonen var flyttinga frå Gaustadalleen 25 til nye lokale i Gaustadalleen 30D i pinsehelga 2013. Prosessen fram til endeleg vedtak om kvar ordboksorganisasjonen og dei nynorske samlingane skulle flyttast var lang og vanskeleg. Administrasjonen i NO 2014 brukte svært mykje tid våren 2013 på planlegging og gjennomføring av flyttinga og skal ha ein særskild takk for at det meste gjekk etter planen. Det største problemet etter flyttinga er at samlingsmiljøet er delt på fire lokalitetar, og dette gjer det vanskelegare å oppretthalda den daglege kontakten i fagmiljøet. NO 2014 er særleg avhengige av eit svært tett samarbeid med Eining for digital dokumentasjon (EDD), og ser at det for prosjektet ville vore ein føremon om samlokaliseringa kunne vore vidareført.

Manusproduksjon

Redaksjonen har i 2013 nyredigert i overkant av 285 sider manuskript til band 11. Planen la opp til 281,7 sider. Me ende difor opp med at band 11 fekk eitt ekstra legg og inneheld totalt 1608 spalter. I tillegg er det nyredigert 322 sider manuskript til band 12. Målproduksjonen hausten 2013 blei sett noko lågare enn i 2012, fordi band 12 inneheld mange funksjonsord og store verb, men me har likevel greidd å halda ein jamt høg fart i arbeidet gjennom haustsemesteret.

Redaksjonen arbeider heile tida aktivt med å halda manuskripta innanfor den strenge omfangsdimensjoneringa, men har etter kvart etablert gode og velfungerande redaksjonelle rutinar for å møte dimensjoneringsproblema. Organiseringa av arbeidet fungerer godt og manuskripttraumen til hovudredaktør og fram til korrekturstatus er god.

Folk og opplæring

Ved utgangen av 2013 var 28 personar knytte til redaksjonen i redaktørfunksjon. Den eine av desse arbeider 25 % i redaksjonen og er i langvarig utdanningspermisjon i dei resterande 75 %. To redaktørar har gjennom året hatt uløna omsorgspermisjon i mindre stillingsbrøkar, og éin redaktør har i perioden hatt 20 % stillingsreduksjon for skuld ei bistilling ved Høgskulen i Oslo og Akershus. Éin redaktør går i 20 % mellombels pensjonsordning. Éin hovudredaktør har hatt 20 % stillingsreduksjon første halvår 2013 for å leia arbeidet med Språkrådet og ILNs revisjon av *Nynorskordboka*. Desse tilhøva er gjorde nærare greie for i Vedlegg 1 til årsrapporten.

Éin redaksjonsassistent er teken inn i opplæring til redaktør frå og med 15.4.13 og ut året med lønsdekning av overførde refusjonar frå 2012. Det er eit sterkt ønske at denne stillinga blir vidareført inn i 2014, ikkje minst fordi me på tampen av prosjektperioden kan risikera å mista ferdig opplærte redaktørar som får nytt arbeid. To assistentar har i 2013 vore inne i Trondheims-redaksjonen. Den eine av desse har vore finansiert av HF-fakultetet på NTNU, medan den andre har vore NAV-finansiert. Desse har i perioden begge levert verdfulle bidrag i form av redaksjonell støttefunksjon.

Administrasjonen tel tre personar (inkl. prosjektdirektør) fordelte på 3 årsverk, og me har dessutan som tidlegare 1,5 stilling til redaksjonssekretærordning. Den eine redaksjonssekretæren har hatt uløna permisjon i 50 % i perioden. Det har vore sett inn vikar i varierende stillingsbrøk (20 %-30 %) i perioden. Ein av medarbeidarane i administrasjonen var i fødselspermisjon fram til 15.10.13. I perioden var det sett inn vikar i 100 % stilling.

Redaksjonen er svært sårbar for utskiftingar og den største risikofaktoren i prosjektet fram mot slutføring er at me mister ferdig opplærte redaktørar. I 2013 har prosjektet hatt ein stram økonomi, og det har vore vanskeleg å kompensera for tapt redaktørtid med ny redaktørarbeidskraft i perioden. Som tidlegare år opplever organiasjonen at det er vanskeleg å dekkja opp for vakante redaktørmånadsverk.

Frikjøpet av éin hovudredaktør i 20 % stilling til å leia arbeidet med oppgradering og revisjon av *Nynorskordboka* og dei administrative oppgåvene som har falle på prosjektet i samband med dette revisjonsarbeidet har i år som i fjor ført med seg vanskelege avvegingar for NO 2014-organisasjonen. Det har vore viktig å sikra at prosjektet ikkje yter eigne ressursar inn i dette arbeidet, samstundes som dette er eit arbeid som av omsyn til både fagleg styring, rekruttering og framdrift fell inn under arbeidsoppgåvene til det leksikografifaglege miljøet ved ILN.

Utvikling av verktøy og utviding av materialet

På utviklingsplanen for 2013 for samarbeidet mellom Eining for digital dokumentasjon (EDD) og NO 2014 stod fullføring av arbeidet med nyskriving av delkomponentar i

applikasjonsdatabasen. Utviklingsarbeidet har hatt førsteprioritet i perioden og status for arbeidet blei lagt fram på NO 2014s juleseminar 5.–6.12.13.

NO 2014 har i 2013 også utvida materialet gjennom at det blei lagd inn 16 804 setlar merkte med innleggingsår 2013 i Setelarkivet.

Det nynorske tekstkorpuset passerte i desember 2013 100 millionar ord, og i løpet av 2013 har det blitt arbeidd mykje med å vidareutvikla søkjefunksjonaliteten til denne store tekstsamlinga.

I 2013 sette sju redaktørar av tildelte småforskmidlar (til saman kr 100 000) til felles arbeid med digital tilrettelegging av kartdata for publisering i NO 2014s nettutgåve. Resultata av dette arbeidet blei presenterte i foredrag på MONS i Oslo 21.11.13. NO 2014 er svært takksame for at redaktørane vel å bruka småforskmidlane sine til slike fellestiltak.

Me har i 2013 vidareført arbeidet med redaksjonsintern skolering. Dette er gjort gjennom interne redaksjonsseminar. Det er gjennomført 5 redaksjonsseminarsamlingar i 2013, og redaksjonen opplever desse seminara som fagleg svært nyttige. Redaksjonen kunne ikkje avvika ordinært sommarseminar i juni 2013, fordi dette i tid fall saman med sluttarbeidet på band 11. Det er 5. og 6. desember 2013 avvika fagleg juleseminar for heile redaksjonen.

NO 2014s rådgjevande gruppeleiar møte har i 2013 hatt seks møte og drøfta 14 redaksjonelle spørsmål.

Administrasjonen

Administrasjonen har i 2013 bestått av prosjektdirektør Åse Wetås, seniorkonsulent Andreas Tandberg, konsulent Ragnhild Norheim Førland (14.10.–31.12.13) og konsulent Gunnhild Wentzel (vikar 1.1.–13.10.13). I tillegg har desse medarbeidarane utført redaksjonell støttefunksjon i form av sitatkontroll av manuskript: Gudmund Harildstad (50 % i perioden 1.1.–31.12.13), Håvard Tangen (50 % heile året), Bror M.S. Strand (30 % i perioden 1.7.-30.9.13 og 20 % i perioden 1.10.-31.12.13).

Styret

I 2013 har desse vore medlemmar av styret for Norsk Ordbok 2014: Styreleiar Magnus Rindal, nestleiar Randi Alice Nilsen, Inger-Johanne Ullern (vara Greta Holm har møtt hausten 2013), Edmund Austigard, Unn Røyneland, Christian-Emil S. Ore og Dagfinn Rødningen. Vara Endre Brunstad møtte for Unn Røyneland første halvår 2013. Styret har hatt fire møte og handsama 28 saker.

Formidling

2013 har vore eit vellukka formidlingsår og redaksjonen har fått positiv respons i fleire forum. Me har lansert band 11 i eit eige lanseringsarrangement i Trondheim 19. september, og 19.–20. september arrangerte me saman med DKNVS eit seminar om arven etter Ivar Aasen (sjå vedlegg 3).

Ordboksredaksjonen har vore representert med foredrag på 9 fagseminar og -konferansar i året som gjekk. To redaktørar heldt foredrag saman på NFL-symposiet på Schæffergården i januar 2013. Prosjektdirektøren heldt foredrag på Tekstlaboratoriets fagseminar om Nordisk

dialektkorpus 10-11.1.13. Éin redaktør heldt foredrag på SASS-konferansen i San Francisco i mai 2013. Fem redaktørar heldt foredrag på Nordisk Foreining for leksikografis konferanse i Oslo 13.–16.8.13. To redaktørar heldt foredrag på NO 2014/DKNVS-seminar i Trondheim 19.–20.9.13. Éin redaktør heldt foredrag på e-leksikografikonferanse i Tallinn 17.–19.10.13. Éin redaktør heldt foredrag på Språkrådets Språkdag 13.11.13. Prosjektdirektøren heldt foredrag om Ivar Aasen som leksikograf og namnegranskar på Nasjonalbibliotekets halvdagsseminar om Aasen 14.11.13 og fire medarbeiarar deltok med til saman sju foredrag på MONS (Møte om norsk språk) i Oslo 20.–22.11.13. Til saman har redaksjonen halde 19 faglege innlegg på desse konferansane. Redaksjonen opplever den faglege formidlinga og deltakinga på fagkonferansar som svært meiningsfull, og har i år arbeidd særleg med formidling av forskinga vår. Høvet til vidare fagleg utvikling er ein viktig føresetnad for at staben greier å halda medarbeidarane motiverte til å møta dei faste og høge produksjonskrava i det daglege.

Éin redaktør og éin redaksjonsassistent under opplæring deltok på Lexicom-kurs i Kivik 10-14.6.13.

Også i år hadde NO 2014 bu på Forskingstorget, men dette året hadde me lagt deltakinga vår til Trondheim (20.–21.9.). 31.10.13 deltok NO 2014 med to foredrag på Fagleg-pedagogisk dag for lærarar frå vidaregåande skule. Slike tiltak gjev positiv merksemd til prosjektet vårt og me prioriterer dei så høgt som råd.

Anna

NO 2014 har fått vera med i det offisielle programmet for feiringa av Grunnloven i 2014.

Takk

Me vil nytta høvet til å takka Stortinget, Kulturdepartementet, NTNU, Universitetet i Oslo og Institutt for lingvistiske og nordiske studium som har gitt Norsk Ordbok 2014 gode arbeidsvilkår også i 2013.

Oslo, 10.2.14

Åse Wetås
Prosjektdirektør

Magnus Rindal
styreleiar

Hovudmål for 2013

1. Redaksjonen skal ferdigstilla band 11 av Norsk Ordbok til utgangen av juni 2013.	Produksjonen av band 11 var ferdig 5.7.13, og bandet blei send over til forlaget same dagen. Produksjonen blei éi veke forseinka i høve til oppsett plan.
2. Redaksjonen skal nyskriva 281,7 sider manuskript til band 11 av Norsk Ordbok og 280 sider til band 12.	Redaksjonen har i 2013 nyskrive 300,65 sider til band 11 og 322 sider til band 12.
3. Me skal føra 672,7 sider av band 11 og 50 sider av band 12 gjennom alle ledd av den redaksjonelle kvalitetkontrollen.	676,1 sider av band 11 blei førde gjennom den redaksjonelle kvalitetkontrollen før oversendinga til forlaget. I 2013 gjekk dessutan 70,3 sider band 12-manuskript gjennom alle ledd i kvalitetkontrollen og fekk status "Til korrektur".

Delmål

Rammevilkår

1. Finansiering og organisering

1.1 Finansiering

Mål 2013	
a) Me vil søkja KUD om midlar over statsbudsjettet 2014 innan fristen 1. mars.	Gjennomført innan fristen.
b) Me vil søkja KUD om ei ekstraløyving for budsjettåret 2014 til bruk på å arbeida ut ei ny brukarretteiing som kan liggja føre saman med det fullførte verket.	Gjennomført innan fristen.
c) Me vil arbeida for at prosjektet blir sikra tilstrekkjelege inntekter til å dekkja løns- og driftskostnader i 2014.	Det er søkt om ein auke i løyvinga frå KUD til å dekkja auka lønskostnader. I budsjettproposisjonen låg det ikkje framlegg om realauke i løn, og heller ikkje i tilleggproposisjonen kom dette inn.
d) Me vil søkja finansiering til arbeidsoppgåver knytte til tilrettelegging av relevant materiale gjennom aktuelle utlysingar i perioden (jf. pkt. 3d, 7b, 9a, 11b og 13).	Det er søkt om midlar til nettstarbeid frå Fritt ord (avslag). Dei i redaksjonen som fekk småforsknmidlar for teljande produksjon i perioden 2009-2011 har gått saman om å bruka dei på vidare arbeid med digitalisering av kart. Dette arbeidet er ferdig og blei vist fram til redaksjonen på juleseminaret i desember.

1.2 Organisering

Mål 2013	
a) Me vil intensivera arbeidet for at den språklege samlingsverksemda blir konsolidert innanfor rammene av ILN.	Saka kjem opp på ILN som ein del av den store faglege prioriteringsprosessen på HF. Språkrådet bad i brev av 25.8.13

	<p>Kulturdepartementet at departementet sette ned ei arbeidsgruppe som skulle greia ut om samlingssituasjonen i Norge. KUD har svara at dei ønskjer at Språkrådet skal stå for ei slik utgreiing og finna framlegg til løysing. ILN har i perioden sett ned ein komite som skal vurdera nytteverdien av samlingane for ILNs eiga forskning. Komiteen hadde eitt møte i 2013, og samlingane er representerte ved ÅW.</p>
<p>b) Me skal i samarbeid med ILN laga ferdig planane for ein permanent post 2014-organisasjon for vedlikehald og utvikling av eNO-databasen.</p>	<p>Saka er diskutert med førre instituttleiar på ILN, og er også teken opp med den nye instituttleiaren (møte 29.8.13 og 13.9.13). I møte mellom ILN, UiO og KUD 24.6.13 melde UiO munnleg at dei ikkje kan stå for langsiktig arbeid med ivaretaking av NO. KUD har bede Språkrådet gjera nærare greie for spørsmål som knyter seg til vidare drift av NO-ressursane. Den saka blir ikkje handsama før i 2014.</p>
<p>c) Manuskriptkontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør (men jf. pkt 1d).</p>	<p>Gjennomført.</p>
<p>d) Me vil vidareføra ordninga med at nye redaktørar får tilbod om å kollegalesa manus frå røynde kollegaer. Målet med tiltaket er kvalifisering av yngre redaktørar.</p>	<p>To redaktørar utan gruppeleiarstilling har gjennomført kollegalesing av manus dette året.</p>
<p>e) Me vil arbeida for å vidareføra god og regelmessig kontakt med ILN og HF.</p>	<p>Dette punktet er følgd opp gjennom heile året. Det blei etablert tett kontakt med HF i samband med planlegging og gjennomføring av flyttinga av hovudredaksjonen.</p>

2. Lokalisering og arbeidstilhøve

<p>Mål 2013</p>	
<p>a) Me må saman med ILN, HF og TA arbeida for at dei nye lokala i NEMKO blir tilpassa verksemda vår på ein best mogleg måte.</p>	<p>Flyttinga er gjennomført, men det står stadig somme saker som er tekne opp med Teknisk avdeling, HF-IT og verneombod. Ny innregulering av ventilasjonsanlegget er på plass, men har framleis visse manglar (vernesak), utskifting av panelomnar og betre merking av rømningsvegar er framleis under arbeid ved årsskiftet.</p>
<p>b) Me må i samarbeid med ILN, HF og TA sikra at flyttinga i minst mogleg grad går ut over det redaksjonelle arbeidet.</p>	<p>Flyttinga av kontorplassar og datautstyr blei gjennomført i pinshelga, slik at minst mogleg arbeidstid skulle gå tapt for redaksjonen. Gjennomført. Ved NTNU har me hatt ein god del utføresette IT-problem i året som gjekk. Hovudproblemet har vore å halda</p>

	redaktørane der kopla opp mot UiO-basane, og det kan sjå ut til at IKT-”murane” mellom institusjonane nå er i ferd med å bli så høge at dette vanskeleggjer prosjekt med felles infrastruktur på IT-sida.Me har òg hatt problem med lang leveringstid på maskinvare som skal til NTNU, og dette har også medført vanskar i det daglege arbeidet i redaksjonen der.
c) Me må sikra at dei nye redaksjonslokala gjev tilfredsstillande tilhøve for nettbruk og straumopplegg.	Etter sju månader kan det ved årsskiftet konkluderast med at tilhøva ser ut til å vera tilfredsstillande.
d) Me skal arbeida kontinuerleg for å sikra eit godt fysisk og sosialt arbeidsmiljø for redaksjonen.	Bedriftshelsetenesta (BHT) har vore kopla inn for å sikra at arbeidsplassane i NEMKO skulle bli tilfredsstillande. Det er gjennomført allmøte med BHT om ergonomi (29.8.13), samt individuell tilpassing av arbeidsplassar (7.10.13). Etter rapport frå BHT er det kjøpt inn tilrettelagt utstyr for dei som hadde behov for det.

3. Personale

Mål 2013	
a) Me vil setja i verk tiltak for å omsetja ubrukte månadsverk mest mogleg effektivt i nytt redaksjonelt arbeid.	Det er tilsett ein redaksjonsassistent i opplæring for lønsrefusjon frå 2. halvår 2012. Opplæringsstillinga går frå 1.4.13 og ut året.
b) Me vil halda nær kontakt med ILN om å ta inn MA-studentar som vel arbeidslivsrelevant MA.	Ingen har så langt valt arbeidslivsrelevant MA på leksikografifeltet.
c) Me vil gje opplæring til eventuelle nye redaksjonsassistentar.	Gjennomført.
d) Me vil engasjera hjelp for å utføra ymis redaksjonell støttefunksjon (tagging, normering etc.).	Gjennomført. Me har hatt inne ein ekstra assistent (BMS) i perioden 1.3.-12.6.13 for ubrukte lønsmidlar (i permisjonen til GH), og i perioden 15.7.13- ut året (30 % fram til 1.10.12 og 20 % i framhaldet). I tillegg har me hatt éin timeløna assistent (GWe) inne i desember 2013 til å fullføra arbeidet med korrekturlesing av D17M 1911.
e) Me vil forsøka å få minimum 25,5 produktive redaktørårsverk ut av løyvinga vår.	Redaksjonen har hatt svært lite fråvær og permisjonar dette året, og det gjer at me totalt har hatt 26,53 produktive redaktørårsverk. Dette har ikkje minst med å gjera at me har hatt ein ekstra redaksjonsassistent inne på toppen av den faste staben frå og med 15.4.13 og ut året.
f) Me skal arbeida vidare for å sikra stabiliteten og framdrifta i det redaksjonelle	Heng saman med framtida for samlingane og med ein evt. revisjon av band 1-5, som det er

arbeidet.	arbeidd kontinuerleg med i 2013.
g) Me vil arbeida for å få vidareført den eksternfinansierte assistentordninga i trondheimsredaksjonen.	Ein ny medarbeidar på NAV-midlar har vore inne frå medio oktober og ut året.

Manusarbeid

4. Band 11 og band 12

Mål 2013	
a) Band 11 skal ferdigstillast til 30. juni 2013.	Gjennomført.
b) Til band 11 skal det utarbeidast innleiingstekst innan 1. juni.	Gjennomført.
c) I staden for å publisera tillegg til bibliografien band for band vil me halda NO-bibliografien oppdatert på nettet (jf. òg pkt. 4d).	Bibliografien er til ein fullstendig gjennomgang før publisering. Publiseringa blei ikkje gjort før årsskiftet.
d) Me vil i samarbeid med Samlaget laga plan for utarbeiding av ei oppdatert brukarrettleiing med fullstendig bibliografi til det fullførte verket i 2014 (jf. pkt. 1.1.b).	Det blei søkt midlar til tiltaket over statsbudsjettet for 2014, men det fekk ikkje prioritet. NO 2014 har difor ikkje sett av tid til planlegging av arbeid med brukarrettleiing for verket.
e) Band 12 skal dimensjonera innan 1.4.13.	Gjennomført.
f) Me skal i perioden 1.7.-31.12.13 nyredigera 280 sider av band 12.	Redaksjonen nyredigerte i 2013 til saman 322 sider. Den store produksjonen heng saman med det høge talet på produktive redaktørårsverk me fekk ut av løyvinga for 2013 (jf pkt. 3e).
g) Kvalitetskontrollen av artikkelmaterialet skal skje kontinuerleg (sjå òg hovudmål 3).	Gjennomført.
h) Me skal omfordela bolkar omgåande dersom det er redaktørar som ikkje kan redigera ferdig eigne arbeid.	To redaktørar las korrektur på andre (tidlegare) redaktør sine manus i sluttkontrollarbeidet på band 11.
i) Me skal leggja til rette for god kommunikasjon mellom redaktørar som har bolkar som overlappar kvarandre.	Gjennomført.

5. Arbeid med prosjektverksemd post 2014

Mål 2013	
a) Me skal utarbeida ein ferdig plan for eit post 2014-prosjekt for revisjon og fullelektronisk integrering av band 1–5 av Norsk Ordbok. I denne samanhengen må det også på plass ei juridisk vurdering og avklaring av status for verket i høve til UiOs IPR-politikk.	Det er laga plan og eit førebels kostnadsoverslag. Det Norske Samlaget har vore i møte med UiO-leinga og bede om at arbeidet blir sett i gang. Samlaget følgjer opp dette arbeidet frå sin kant. Språkrådet har i brev om ordbokpolitikk etter 2014 til KUD varsla at revisjon og digital integrering av band 1-5 er ei prioritert oppgåve. Språkrådet har i oktober 2013 blitt bedne av KUD om å spesifisera nærare dei behova som knyter seg

	til permanent drift av NO og ny prosjektverksemd, men har førebels (pr. 1.12.13) ikkje levert noko svar på dette. Kontakten med UiO sentralt om rettstatus i høve til IPR-politikken er sett på vent til det blir ei avgjerd i saka om immaterielle rettar til utviklingsarbeidet og produkta knytte til NOB og BOB.
b) Me skal arbeida med å skaffa finansiering til eit fulldigitaliserings- og revisjonsprosjekt etter 2014.	Saka har vore arbeidd med gjennom heile året, men utan at det ligg føre ein finansieringsplan.
c) Me vil arbeida for å synleggjera kompetanse, metode og ressursar NO 2014 rår over, og vil i perioden marknadsføra dette for eit breiare norsk og internasjonalt forskarnettverk.	Gjennomførte tiltak: innlegg ved ÅW om ressursar og kompetanse i NO 2014-prosjektet på Språkrådets seminar om ordbokspolitikk etter 2014 20. mars 2013. Innlegg ved OG om språksamlingane ved UiO på same seminar. Foredrag på NFL-konferansen i Oslo 14.-17.8.13 "Planlegging og gjennomføring av eit stort ordboksprosjekt" (ÅW). Foredrag på MONS i Oslo om metode i Norsk Ordbok (ÅW).
d) Me vil vidareføra arbeidet med å leggja til rette for nye dialektologi- og leksikografiprojekt i Trondheim for dei tilsette i redaksjonsgruppa ved NTNU etter 2014.	Det har vore arbeidd med saka gjennom året, men utan at det er på plass konkrete tiltak. Ordninga med eit dialektcenter i samlokalisering med DKNVS ser ut til å bli vanskelegare, ettersom dei påtenkte lokala skal brukast til andre føremål. Det blir også arbeidd vidare med eit matkultur-wikiprosjekt i samarbeid med Norsk lokalhistorisk institutt. Dette arbeidet er drive framover av EJE.
e) Me vil bidra til å styrkja ILNs arbeid planlegging og fagleg kvalitetssikring av nye leksikografiske prosjekt etter fullføringa av Norsk Ordbok 2014, slik St.meld. 35 (2007-08) legg til grunn.	Det har vore lite arbeid med planlegging av nye leksikografiske prosjekt ved ILN i 2013.
f) Me vil identifisera andre aktuelle post 2014-prosjekt og diskutera desse med relevante samarbeidspartnarar (Språkrådet, Samlaget, Språkbanken, Aasen-tunet, Allkunne.no. osv.).	Saka har vore arbeidd med gjennom heile 2013.

Utvikling av verktøy

6. Redigeringsapplikasjonen

Mål 2013	
a) Arbeidet med nyskriving av redigeringsapplikasjonen i Java skal fullførast og funksjonalitetsforbetringar skal	Det har vore gjennomført noko applikasjonstesting v/NO 2014-redaksjonen, men ferdigstillinga har blitt forseinka fordi

innarbeidast.	programmerarane støyte på uventa problem i arbeidet med trestrukturane artiklane er bygde opp kring. Overgangen til ny Windows-plattform har vist seg å vera uproblematisk for den gamle applikasjonen, så forseinkinga fører ikkje med seg problem for redaksjonen.
b) NO 2014 skal levera spesifikasjonar til redigeringsapplikasjonen og gje laupande respons til utviklingsarbeidet EDD gjer på programmeringssida.	Gjennomført (jf. 6a).
c) Alt databasematerialet skal i 2013 flyttast over på ein ny stormaskin.	Flyttinga skjedde 17.6.13 og gjekk utan større problem.

7. Elektronisk utgåve av ordboka

Mål 2013	
a) Me skal arbeida for at ILN og Samlaget etablerer ei avtale om rettane til den elektroniske ordboksbasen etter 2014.	Under arbeid. Saka er teken opp på ny med ILNs nye instituttleiar. Ved årsskiftet ligg det ikkje føre noka avklaring.
b) Me skal arbeida med å vidareutvikla søkjefunksjonalitet og utarbeida avansert søk for Norsk Ordbok på nett.	Under arbeid. Nettstadgruppa har spesifisert arbeidsoppgåver som må gjennomførast. Det blir òg arbeid med funksjonalitet på korpussida, og resultat er presenterte ved AT på MONS (Møte om norsk språk) i Oslo i november. Me har ikkje fått ekstern finansiering til dette arbeidet i 2013 (jf pkt. 1.1.d), så arbeidet har avgrensa seg til det som var mogleg å gjera med interne krefter.
c) Det skal utarbeidast engelsk tekst for Norsk Ordboks nettsider.	Gjennomført.
d) Nettstadgruppa skal arbeida vidare med funksjonalitet og utforming av Norsk Ordbok på nett etter analyse av trafikkdata.	Det har i 2013 ikkje vore rom for å gjennomføra trafikkdata-analyse (jf pkt. 7b).
e) Me vil marknadsføra nettutgåva av Norsk Ordbok og vil i perioden konkret forsøka å laga avtalar med aviser som har levert tekst til det nynorske tekstkorpuset om å oppretta lenkje til verket frå sine sider.	Dette arbeidet har det ikkje vore høve til å prioritera høgt nok i 2013.

8. Setelarkivet (SA)

Mål 2013	
a) Me skal saman med EDD arbeida med å få på plass konverteringstabell til nye unicode-teikn frå teiknsett i den gamle setelapplikasjonen.	Dette arbeidet har det ikkje vore rom for å prioritera i perioden.
b) Me skal syta for å få på plass ei juridisk vurdering av kva tilgjenge me har til å publisera lyd- og biletefiler i den nye setelapplikasjonen.	Ikkje gjennomført i 2013.

c) Me skal arbeida vidare med digitalisering av svarlistene til Trønderordboka ved NTNU. Tiltaket har ekstern finansiering.	Gjennomført.
---	--------------

9. Målføresynopsisen

Mål 2013	
a) Me vil fullføra registreringa av synopsisprotokollane frå Vestlandet og Nord-Noreg. Registreringsarbeidet skal gå føre seg v/timeløna assistent og føreset ekstern finansiering.	Overskytande småforsknmidlar for 2013 blei i desember brukte til innlegging av tre nye protokollar i basen v/assistenthjelp.

10. Redigeringshandboka

Mål 2013	
a) Me vil revidera redigeringshandboka på dei punkta der evaluering av arbeidet med band 11 viser at det trengst endringar og presiseringar.	Laupande oppgåve. Ein omfattande revisjon av underoppslagskapittelet er i gang, og tre av fire delkapittel blei reviderte i 2013.
b) For å nå måla i 10 a) vil me bruka redaksjonsseminaret til å drøfta redaksjonelle problemstillingar.	Det har vore gjennomført fire redaksjonsseminarsamlingar våren 2013. Det har vore éi seminarsamling hausten 2013, og ei siste samling gjekk ut for skuld sjukdom.
c) Me skal ha ei kontinuerleg utbygging og innarbeiding av redaksjonelle vedtak i redigeringshandboka gjennom heile året.	Gjennomført.
d) Me vil samla alle redaksjonelle vedtak frå leiargruppemøta i ein eigen søkbar base.	Gjennomført.

Utviding og forbedring av tilfang

11. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2013	
a) Me vil fullføra arbeidet med å tagga opp og leggja inn 1911-årgangen av Den 17. Mai i korpuset. Arbeidet blir gjort som redaksjonell støttefunksjon.	Gjennomført v/GWe og RNF. D17M-tekstane blei lagde inn i korpus i ei større innlegging ved årsskiftet (sjå pkt. 11b).
b) Me vil i perioden prioritera innlegging av barne- og ungdomslitteratur og tekst frå Nynorsk vekeblad i korpuset.	Det er denne våren lagt inn 31 barne- og ungdomsbøker i korpuset. Dette førte til ein korpusauke på mellom 300 000 og 400 000 ord. I september blei 10 nye bøker lagde inn. I desember blei korpuset utvida med tekst frå Nynorsk Pressekontor, samt 1911-årgangen av D17M. Før årsskiftet passerte korpuset dermed 100 mill. ord.
c) Me vil arbeida saman med Nasjonalbiblioteket om tilgjenge til eldre OCR-lesne titlar i tekstformat.	Ikkje gjennomført i 2013.
d) Me skal kursa dei i redaksjonen som ønskjer det, i tagging av tekst for innlegging i	Fleire redaktørar har forsøkt seg på tagging av tekst til korpus, etter gjennomført

